



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 17.06.2010  
**Møtetid:** 08:30 -  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Sture Tveit, H</li><li>• Liv Berit Befring, Ap</li><li>• Vidar Rolland, Bl</li><li>• Bjørn Sævild, Bl</li><li>• Sigmund Dyrhovden, Krf</li><li>• Jon Magne Bogevik, Frp</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Thomas Hellevang, H</li><li>• Dagfinn Gjerde, Ap</li><li>• Dag Nydal, Bl</li><li>• Janne Drevsjø, Bl</li><li>• Svein Tore Kulleseid, Krf</li><li>• Ingen</li></ul>

### **Andre som var til stades på møtet:**

- Rådmann Tone Ramsli under heile møtet
- Assisterande Rådmann Hilde Lill Våge under heile møtet
- Politisk sekretær Magda Haugen under heile møtet.
- Økonomisjef Nina Erdal under heile møtet
- Pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland under sak nr. 25/10, under orientering om skuleskyss og under vitjinga frå Samferdselsavdelinga.
- Representant frå Ungdomsrådet Andrea Gjerde under vitjinga frå Hordaland fylke

### **Merknader:**

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylke representert med ca 20 personar vitja kommunestyret frå kl 0920 – 10.20. Følgjande tema vart tekne opp:

- Framdrifta av Tyssetunnellen
- Kollektivtilbodet i og til/frå Samnanger
- Kostnad på skuleskyssen for Samnanger kommune.
- Drosjeløyve i Samnanger kommune.

### **Orienteringar/meldingar:**

- Økonomisjef Nina Erdal orienterte om **økonomisk status for kommunen pr. mai 2010.**
- **Skuleskyss:** Ordføraren orienterte om innkomne spørsmål frå politikarar vedk. skyss for elevar som ikkje har rett til fri / gratis skuleskyss.(mindre enn 4 km). Utvalsleiar Kristian Jørgensen orienterte om utvalet / styringsgruppa si handsaming av skuleskyss-saka og synfaring i høve i saka.

	Pedagogisk konsulent Karin Steinsland orienterte om lovverket (§ 7-1 i Opl-lova) som ligg til grunn for vedtaket om skuleskyss.
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	<p><b>Utvalet sitt kvarter:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Gunnar Bruvik Frp</b> spurde om kva planar som finst for kloakksystemet frå Kommunehuset på Tysse. Sidan dette spørsmålet ikkje var meldt på førehand, vart det berre gitt ei generell tilbakemelding frå rådmannen. Ho viste til at dei offentlege avlaupsanlegga på Tysse var gamle. Det er ofte driftsmessige problem i tillegg til at noko avlaup går dels ureinsa i sjøen. Med opprusting av Ytre Tysse vert dette ordna opp her. Sanering av avlaup Indre Tysse bør deretter prioriterast, men det er ein omfattande jobb. I økonomiplanen er det ført inn som eit ynskja tiltak, men det er ikkje prioritert.</li> </ul>
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon vedk. status økonomi.</li> <li>• Brev frå foreldre til elevane på Nordbygda skule om skuleskyss til Samnanger barneskule frå hausten 2010.</li> <li>• Brev frå Posten om budruter og utfordringar i Samnanger.</li> </ul>

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23.06.2010

Marit A. Aase

Bright Olav Gåsdal

Helga Nygård

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
024/10	10/315	Faste saker	
025/10	10/270	Betalingsvedtekter i SFO frå hausten 2010	
026/10	10/277	Tilleggsøyving - finansiering av avlastingstiltak funksjonshemma	
027/10	09/62	Busetjing av flyktningar i 2010 -2011.	
028/10	09/305	Endring av vegnamn i Samnanger. Rødsvegen	
029/10	10/246	Strategisk næringsplan for Bergensregionen	
030/10	10/267	Lovlegkontroll kommunestyret - kommunestyresak 23/10	
031/10	10/207	Fritak frå kommunale verv 2010-11 - suppleringsval	
032/10	10/268	Økonomiplan 2011 - 2014	
033/10	10/130	Søknad om auka frikjøp for hovudtillitsvald i Fagforbundet - tilleggsløyving	
034/10	10/328	Tariffrevisjonen 2011 - uravstemming	

**SAKNR. 024/10**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista med tillegg av sak 34/10 vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Ordføraren sette fram framlegg om at sak 32/10 Økonomiplan 2011-2014 vert handsama som siste sak

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke,

**KS-024/10 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista med tillegg av sak 34/10 vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- Kommunestyret slutta seg til framlegg frå ordføraren om at sak nr. 32/10 vert handsama som siste sak.
- Følgjande medlemmer vart valt til å underteikna møteprotokollen: Marit A. Aase Krf, Brigit Olav Gåsdaal Ap og Helga Nygård Sp.

**SAKNR. 025/10**

**BETALINGSVEDTEKTER I SFO FRÅ HAUSTEN 2010**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka får ei nærare drøfting i PØ.

**26.05.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta saka og vart samd i å halde på dagens satsar. Samanlikna med andre kommunar har kommunen høge utgifter til SFO. Satsane vert likevel ”fryst” i 2010/11 og først indeksregulert i samband med budsjettet 2012.

PØ si tilråding til kommunestyret:

I Samnanger kan ein velja mellom følgjande plasstypar: Heil plass, morgonplass og ettermiddagsplass, samt ein kombinasjon av morgon og ettermiddag frå 2-3 dagar.

Skuletida er berekna med utgangspunkt i 60-minuttars økter og SFO utgjer gjennomsnittleg 22 timar pr. veke. Definisjon av plasstypar:

**1. Heil plass (inntil 100%)** 07.00-16.30    *Pris: kr. 1915*

**2. Ettermiddagsplass (70%)** Frå 14.00-16.30 alle dagar *Pris: kr. 1342*

**3. Morgonplass (inntil 40%):** Frå 07.00-8.30 alle dagar *Pris kr. 767*

#### **4. Kombinasjonar:**

**Inntil 40%** - *Pris kr. 767*

2-dagarsplass: morgon&ettermiddag

**Inntil 70%** - *Pris kr 1342*

3-dagarsplass: morgon&ettermiddag

*Satsane vert indeksregulert neste gong frå 01.01.12.*

#### **PØ-029/10 VEDTAK:**

I Samnanger kan ein velja mellom følgjande plasstypar: Heil plass, morgonplass og ettermiddagsplass, samt ein kombinasjon av morgon og ettermiddag frå 2-3 dagar.

Skuletida er berekna med utgangspunkt i 60-minuttars økter og SFO utgjer gjennomsnittleg 22 timar pr. veke. Definisjon av plasstypar:

**1. Heil plass (inntil 100%)** 07.00-16.30 *Pris: kr. 1915*

**2. Ettermiddagsplass (70%)** Frå 14.00-16.30 alle dagar *Pris: kr. 1342*

**3. Morgonplass (inntil 40%):** Frå 07.00-8.30 alle dagar *Pris kr. 767*

#### **4. Kombinasjonar:**

**Inntil 40%** - *Pris kr. 767*

2-dagarsplass: morgon&ettermiddag

**Inntil 70%** - *Pris kr 1342*

3-dagarsplass: morgon&ettermiddag

*Satsane vert indeksregulert neste gong frå 01.01.12.*

#### **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet: Framlegget frå PØ-utvalet vart samrøystes vedteke.

#### **KS-025/10 VEDTAK:**

I Samnanger kan ein velja mellom følgjande plasstypar: Heil plass, morgonplass og ettermiddagsplass, samt ein kombinasjon av morgon og ettermiddag frå 2-3 dagar.

Skuletida er berekna med utgangspunkt i 60-minuttars økter og SFO utgjer gjennomsnittleg 22 timar pr. veke. Definisjon av plasstypar:

**1. Heil plass (inntil 100%)** 07.00-16.30 *Pris: kr. 1915*

**2. Ettermiddagsplass (70%)** Frå 14.00-16.30 alle dagar *Pris: kr. 1342*

**3. Morgonplass (inntil 40%):** Frå 07.00-8.30 alle dagar *Pris kr. 767*

#### **4. Kombinasjonar:**

**Inntil 40%** - *Pris kr. 767*

2-dagarsplass: morgon&ettermiddag

**Inntil 70%** - Pris kr 1342  
3-dagarsplass: morgon&ettermiddag

*Satsane vert indeksregulert neste gong frå 01.01.12.*

**SAKNR. 026/10**  
**TILLEGGSLØYVING - FINANSIERING AV AVLASTINGSTILTAK**  
**FUNKSJONSHEMMA**

**01.06.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for å gje tilleggsøyving i samsvar med førespurnaden.

**PØ-031/10 VEDTAK:**

Funksjon 1.3100.2343 Aktivisering funksjonshemma vert styrkja med kr 350.000 som vert finansiert med

Kr 300.000 frå konto for tilleggsøyving 1.1200.1800.4900

Kr 30.000 frå forventa auka inntekt ressurskrevjande brukar

(Konto nr. 1.3100.2544.7006 vert auka med 30.000 der same summen vert overført funksjon 1.3100.2343)

Konto nr. 1.3100.2543.0400 vert redusert med kr 20.000 og overført funksjon 1.3100.2343

**17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet: Framlegget frå PØ-utvalet vart samrøystes vedteke

**KS-026/10 VEDTAK:**

Funksjon 1.3100.2343 Aktivisering funksjonshemma vert styrkja med kr 350.000 som vert finansiert med

Kr 300.000 frå konto for tilleggsøyving 1.1200.1800.4900

Kr 30.000 frå forventa auka inntekt ressurskrevjande brukar

(Konto nr. 1.3100.2544.7006 vert auka med 30.000 der same summen vert overført funksjon 1.3100.2343)

Konto nr. 1.3100.2543.0400 vert redusert med kr 20.000 og overført funksjon 1.3100.2343

**SAKNR. 027/10**

**BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2010 -2011.**

**01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Gunnar Bruvik sette fram følgjande framlegg:” Som tilråding i oppsummering” . Samrøystes vedteke.

**OO-013/10 VEDTAK:**

- Organisasjonen som er etablert har kapasitet til å ta hand om nokre fleire ( 5 – 6) flyktningar.

- Tidspunkt for eit evt. mottak må tilpassast ein del praktiske tilhøve som m.a. tilgang på bustad.
- Før endeleg tilbakemelding må den økonomiske situasjonen i høve til busetting vera meir avklara.

### **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet: Framlegget frå OO-utvalet vart samrøystes vedteke.

#### **KS-027/10 VEDTAK:**

- Organisasjonen som er etablert har kapasitet til å ta hand om nokre fleire ( 5 – 6) flyktingar.
- Tidspunkt for eit evt. mottak må tilpassast ein del praktiske tilhøve som m.a. tilgang på bustad.
- Før endeleg tilbakemelding må den økonomiske situasjonen i høve til busetting vera meir avklara.

### **SAKNR. 028/10**

#### **ENDRING AV VEGNAMN I SAMNANGER. RØDSVEGEN**

.

### **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Øyvind Røen Sp** sette fram følgjande framlegg til vedtak: ”Den vestre delen av Rødsvegen frå Bygdavegen til Rødne, får namnet Rødne.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS-028/10 VEDTAK:**

Den vestre delen av Rødsvegen frå Bygdavegen til Rødne, får namnet Rødne.

### **SAKNR. 029/10**

#### **STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN**

### **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Marit A. Aase Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak: ” Samnanger kommune sluttar seg til framlegg til SNP for Bergensregionen, men det vert bedt om at det i større grad vert fokusert på vasskrafta sitt potensiale. Samnanger kommune har saman med næringa, finansinstitusjonar, FOU-miljø og Hordaland fylkeskommune under etablering eit kompetansesenter for småskala energi- og klimaløysingar. Dette prosjektet må med som tiltak under punkt 4: Fornybar energi s 17 og 18 i planen.”

**Tyra Pedersen Frp** sette fram følgjande framlegg til tillegg til Marit Aase: ”Samnanger kommune er positiv til biltunnel gjennom Ulriken (Arnatunnelen).”

Framlegget frå Marit A. Aase vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå Tyra Pedersen vart vedteke mot 4 røyster

Heile planen vart samrøystes vedteken.

#### **KS-029/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune sluttar seg til Strategisk næringsplan for Bergensregionen og ber om at følgjande tillegg vert tekne med:

- Samnanger kommune sluttar seg til framlegg til SNP for Bergensregionen, men det vert bedt om at det i større grad vert fokusert på vasskrafta sitt potensiale. Samnanger kommune har saman med næringa, finansinstitusjonar, FOU-miljø og Hordaland fylkeskommune under etablering eit kompetansesenter for småskala energi- og klimaløysingar. Dette prosjektet må med som tiltak under punkt 4: Fornybar energi s 17 og 18 i planen.”
- Samnanger kommune er positiv til biltunnel gjennom Ulriken (Arnatunnelen).

#### **SAKNR. 030/10**

#### **LOVLEGGKONTROLL KOMMUNESTYRET - KOMMUNESTYRESAK 23/10**

**Saka vert lagt fram utan tilråding.**

#### **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Gunnar Bruvik Frp ba om gruppemøte. Møtet vart sett att kl.12.15.

**Gunnar Bruvik Frp** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Representasjon frå Frp til PØ:

1. Tyra Pedersen fast medlem.
2. Jon Magne Bøgevik første varamedlem.
3. Gunnar Bruvik andre varamedlem.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS-030/10 VEDTAK:**

Representasjon frå Frp til PØ:

1. Tyra Pedersen fast medlem.
2. Jon Magne Bøgevik første varamedlem.
3. Gunnar Bruvik andre varamedlem.

#### **SAKNR. 031/10**

#### **FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2010-11 - SUPPLERINGSVAL**

Saka vert lagt fram utan tilråding.



## **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Gunnar Bruvik Frp** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- ” 1. Varamedlem i Arbeidsmiljøutvalet: Tyra Pedersen  
Fast medlem til Klageutvalet: Gunnar Bruvik”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KS-031/10 VEDTAK:**

1. Varamedlem i Arbeidsmiljøutvalet: Tyra Pedersen  
Fast medlem til Klageutvalet: Gunnar Bruvik

## **SAKNR. 032/10**

### **ØKONOMIPLAN 2011 - 2014**

## **01.06.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk igjennom rådmannen sitt framlegg.

Det vart kommentert at rådmannen hadde lagt inn dei tiltaka som utvalet i sist møte signaliserte dei ynskja å få med i planen. Det kom framlegg om tre tillegg.:

### **Driftstiltak:**

Beltegåande fres kr 25.000

Fjellsikring m.m. på kommunal eigedom i Hagamulen kr 100.000 i 2012.

### **Investering:**

Brannsikringsanlegg kyrkja kjem inn i 2012.

### **PØ-032/10 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan dagsett 1. juni 2010 vert gjort gjeldande med fylgjande tillegg:

### **Driftstiltak:**

Beltegåande fres kr 25.000

Fjellsikring m.m. på kommunal eigedom i Hagamulen kr 100.000 i 2012.

### **Investering:**

Brannsikringsanlegg kyrkja kjem inn i 2012.

## **17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget frå PØ-utvalet og dette vart samrøystes vedteke.

**KS-032/10 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan dagsett 1. juni 2010 vert gjort gjeldande med følgjande tillegg:

**Driftstiltak:**

Beltegående fres kr 25.000

Fjellsikring m.m. på kommunal eigedom i Hagamulen kr 100.000 i 2012.

**Investering:**

Brannsikringsanlegg kyrkja kjem inn i 2012.

Dette gir følgjande hovudoversikter:

Budsjettskjema 1A : Økonomiplan 2011 – 2014, Kommunestyrevedtak 32/10

Beskrivelse	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
<b>Samnanger</b>						
Skatt på inntekt og formue	-52 087 611	-52 078 000	-52 432 000	-52 432 000	-52 432 000	-52 432 000
Ordinært rammetilskudd	-42 225 515	-44 472 000	-53 418 360	-53 618 360	-53 878 360	-53 878 360
Skatt på eiendom	-8 629 516	-9 011 000	-9 011 000	-9 011 000	-9 011 000	-9 011 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-898 443	-823 000	-898 443	-898 443	-898 443	-898 443
Andre generelle statstilskudd	-4 902 366	-4 682 500	-4 682 500	-4 682 500	-5 007 500	-5 007 500
Sum frie disponible inntekter	-108 743 451	-111 066 500	-120 442 303	-120 642 303	-121 227 303	-121 227 303
Renteinntekter og utbytte	-1 065 653	-830 000	-1 588 333	-2 363 333	-830 000	-830 000
Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter	3 314 349	2 610 000	3 997 529	5 309 384	8 294 719	7 594 909
Avdrag på lån	2 934 901	6 318 800	2 748 200	2 805 900	3 214 297	5 005 798
Netto finansinntekter/-utgifter	5 183 597	8 098 800	5 157 396	5 751 951	10 679 016	11 770 707
Til bundne avsetninger	5 890 445	885 210	960 653	960 653	960 653	960 653
Til ubundne avsetninger	4 624 699	0	73 000	73 000	73 000	73 000
Bruk av tidl års regnskm mindreforbruk	-2 476 867	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-3 900 375	-1 008 643	3 452 965	3 354 484	-528 635	-2 108 214
Bruk av bundne avsetninger	-2 461 216	-2 857 500	-1 954 435	-1 853 435	-2 001 185	-2 016 435
Netto avsetninger	1 676 686	-2 980 933	2 532 183	2 534 702	-1 496 167	-3 090 996
Overført til investeringsbudsjettet	2 229 226	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	-99 653 942	-105 948 633	-112 752 724	-112 355 650	-112 044 454	-112 547 592
Sum fordelt drift	94 966 924	105 948 633	112 752 724	112 355 650	112 044 454	112 547 592
Meirforbruk / mindreforbruk	-4 687 018	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2A : Økonomiplan 2011 – 2014, Kommunestyrevedtak 32/10

Beskrivelse	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
<b>Samnanger</b>						
Investeringer i anleggsmidler	10 278 884	2 230 000	52 900 000	53 900 000	1 000 000	500 000
Utlån og forskutteringer	37 615	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 191 762	448 000	432 000	440 000	445 000	450 000
Avsetninger	831 771	520 000	0	0	0	0
Årets finansierungsbehov	12 340 032	3 198 000	53 332 000	54 340 000	1 445 000	950 000
Bruk av lånemidler	-2 747 684	-300 000	-47 101 000	-45 000 000	-500 000	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-957 500	-700 000	0	0	-500 000	-500 000
Tilskudd til investeringer	-346 000	0	-1 100 000	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-2 157 117	-448 000	-3 532 000	-8 440 000	-445 000	-450 000
Sum ekstern finansiering	-6 208 301	-1 448 000	-51 733 000	-53 440 000	-1 445 000	-950 000
Overført fra driftsregnskapet	-2 229 226	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-3 902 507	-1 750 000	-1 599 000	-900 000	0	0
Sum finansiering	-12 340 034	-3 198 000	-53 332 000	-54 340 000	-1 445 000	-950 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

**SAKNR. 033/10**

**SØKNAD OM AUKA FRIKJØP FOR HOVUDTILLITSVALD I FAGFORBUNDET - TILLEGGSLØYVING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

LO-forbunda i Samnanger kommune vert tildelt ein frikjøpsressurs tilsvarende 50% stilling. Ordninga gjeld frå 01.08.2010 og inntil vidare. Ordninga må revurderast dersom LO-forbunda avviklar ordninga med fellestillitsvald.

Heimel for vedtaket er Hovudavtalen del B, § 3-3. Vedtaket erstattar delegert vedtak nr. 0007/04 om frikjøp av hovudtillitsvald i Fagforbundet.

Vedtaket vert i 2010 finansiert ved å overføra kr. 40.000 frå konto for tilleggslyyving (1.1200.1800.4900) til budsjettkonto 1.3115.2541.0100. Frå 2011 må auken i lønsutgifter som følgje av vedtaket leggjast inn i driftsbudsjettet.

**26.05.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**PØ-027/10 VEDTAK:**

LO-forbunda i Samnanger kommune vert tildelt ein frikjøpsressurs tilsvarande 50% stilling. Ordninga gjeld frå 01.08.2010 og inntil vidare. Ordninga må revurderast dersom LO-forbunda avviklar ordninga med fellestillitsvald.

Heimel for vedtaket er Hovudavtalen del B, § 3-3. Vedtaket erstattar delegert vedtak nr. 0007/04 om frikjøp av hovudtillitsvald i Fagforbundet.

Vedtaket vert i 2010 finansiert ved å overføra kr. 40.000 frå konto for tilleggsøyving (1.1200.1800.4900) til budsjettkonto 1.3115.2541.0100. Frå 2011 må auken i lønsutgifter som følgje av vedtaket leggjast inn i driftsbudsjettet.

**17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Framlegget til vedtak frå PØ-utvalet vart samrøystes vedteke.

**KS-033/10 VEDTAK:**

LO-forbunda i Samnanger kommune vert tildelt ein frikjøpsressurs tilsvarande 50% stilling. Ordninga gjeld frå 01.08.2010 og inntil vidare. Ordninga må revurderast dersom LO-forbunda avviklar ordninga med fellestillitsvald.

Heimel for vedtaket er Hovudavtalen del B, § 3-3. Vedtaket erstattar delegert vedtak nr. 0007/04 om frikjøp av hovudtillitsvald i Fagforbundet.

Vedtaket vert i 2010 finansiert ved å overføra kr. 40.000 frå konto for tilleggsøyving (1.1200.1800.4900) til budsjettkonto 1.3115.2541.0100. Frå 2011 må auken i lønsutgifter som følgje av vedtaket leggjast inn i driftsbudsjettet.

**SAKNR. 034/10****TARIFFREVISJONEN 2010 - URAVSTEMMING****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**17.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli orienterte om konsekvensar for Samanger kommune vedkomande tariffrevisjonen 2010.

**Marit A. Aksnes Krf** sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Samnanger kommune stemmer ja til tariffrevisjonen 2011."

**KS-034/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune stemmer ja til tariffrevisjonen 2011.

